

## FRIIDRETTSSSESONGEN 1992

Melodi: Steinrøysa nedi bakken

Sesongen er over, no er det fest  
for veteran og juniorar,  
for dei som var med og dei som vart best  
ein liten fest til innsats sporar.  
Når nokon er best og nokon nummer to  
gjer det at til saman er me kjempego'  
Ja, friidrettsgruppa står for ein test  
Poenga me saman scorar.

I hopp-cupen vart det ingen suksess,  
mot Hovding vart me litt for "lette"  
Av KM-gull så vart det likevel tre,  
Katrine, Ragnar greidde dette,  
og Alex svinga kroppen høgaste opp,  
på sigerspallen stod dei alle tre på topp,  
og spratt gjorde også dei litt passé  
om vekta ei grense sette.

Til Oslo me drog til HK-stafett,  
som vanleg styrde Egil bilen,  
og kvalifiseringa var 'kje lett,  
der kom det ikkje an på stilen.  
Med innsats på topp me hevda oss flott,  
ja, menn senior sprang særdeles godt,  
og jent'na dei påstod at dei vart svett'  
mens old-boys viste fram profilen.

På bana der viste målband og ur  
at trening er melodien.  
Rekordar vart slegne, nye står for tur,  
det gjeld å gjera rette vrien.  
På KM og NM, internasjonalt  
fekk ostringar resultat godt betalt,  
men Ole og Asmund opplevde u-tur  
i Danmark og bortmed Skien.

Ja, nokon må nemnast heilt spesielt,  
som æra på laget gjorde.  
I Kongsvinger der vart Froden vår helt,  
han sølvmedalje slo i bordet.  
På 400 meter med og utan hekk  
han gjennomførte løpa heilt utan sprekk.  
Rekordar i fleng, han har slik seg stelt  
at premiane dei vert store.

Men jentene kjem i breidde og topp.  
Dei vil 'kje stilla bak i rekka.  
I KM klypte Ase hekkar utan stopp  
og ingen greidde henne knekka.  
Og Helga ho viste gutane veg,  
historisk i Hoved-NM, endeleg!  
Katrine, ein ny komet, dukka opp,  
og sko for innsats ut ho sjekka.

I løp som er lange, kondis må til,  
og vilje som kan kroppen pine,  
og trening vert talt i timar og mil  
skal lagsrekordar verta dine.  
I fjor for ein liten Vik'ing frå vest  
til Oslo for å visa kven som var best.  
På 5000, hinder, tiar'n dertil  
rekordane vart Bjart'n sine.

Ja, Osterøy-drakta den viser vidt,  
i Trondheim og i "Tigerstaden",  
den ryggen, den får dei sjå nokså tidt,  
og mest på "Altekameraden"  
I EM dei gjorde sakene flott,  
og NM-innsatsen var over bestått.  
Med tredobbelt gull gjor' Olaven sitt,  
og Arne fullførde bravaden.

Stafett det er liksom Osterøys del  
når dei skal dela stevnekaka,  
for der viser gutane den rette tel  
dei tek i så det nesten knaka'.  
På Voss B-NM med regn som ein foss,  
men Arne, Rune, Bjarte, Frode L. var "boss",  
med sigerssermoni, eit merkeleg spel,  
den mora meir enn vel den smaka.

Ja, mange er nemnt for innsatsen sin,  
men fleire med fortente blesten,  
for mange stod vakt når pengar sku' inn  
på Travparken i nordvesten.  
Til alle som ikkje er nemnde her:  
Stå på, neste år du gullskrifta ser.  
For laget treng framleis innsatsen din,  
så lukke til med idrettsfesten!